



GRANVIN TURLAG  
SKjerpevegen 16  
5736 Granvin

Dato: 15.05.2018

Vår ref.: 2018/426-169

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Att. Anne Lorentzen

## Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2018

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til **Kultur- og historieløype med overnatting i trelavvo for 5-7 klasse i regi av Granvin turlag.**

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har handsama saka i møte 25.04.18, politisk sak 58/18. Dykkar søknad vart dverre gitt avslag. For oversikt over tildeling, sjå vedlegg.

### Grunnjeving

Ved søknadsfristen 15. februar var det kome inn 75 søknader. Samla søkesum var om lag 4,3 millionar kroner. Det er totalt 2.040.000 kr til fordeling til *Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2018*.

Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjørda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte. Dykkar tiltak vert, etter ei samla vurdering, ikkje tilgodesett.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka med *Klage - saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no) eller tlf. 55 23 91 78.

Per Morten Ekerhovd  
Kst. Fylkessdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkeidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

